



Sivilombudsmannen
Postboks 3 Sentrum
0101 OSLO

Dato: 27.05.2016
Vår ref.: 2014/22965-15
Saksbehandlar: endkors
Dykkar ref.:

Påminning - sakskostnader etter forvaltningsloven § 36 - akvakulturanlegg i Kvinnherad kommune

Vi viser til brev frå Sivilombudsmannen av 04.05.2016 der det vert etterlyst svar i saka.

Vi kan opplysa at det er teke kontakt med Fylkesmannen i Hordaland om saka som handterer sak som gjeld Kvinnherad kommune. Dei fulle sakskostnadane er krevd av både Kvinnherad kommune og Hordaland fylkeskommune. Vi har fått opplyst at Fylkesmannen i Hordaland har teke kontakt med Advokatfirmaet Schjødt for å få ei meir nøyaktig oversikt over dei ulike postane kravet om sakskostnader grunnar seg i. Vi har fått opplyst at fylkesmannen ikkje har fått noko tilbakemelding frå advokaten på dette.

Slik fylkeskommunen ser saka vil vi avvente til fylkesmannen får tilbakemelding frå advokat på dette. Dette sidan kravet eventuelt må fordelast på kommune og fylkeskommune.

Ny sak vil verta lagt fram for klagenemnda når ein har oversikt over dei ulike postane i saksomkostningskravet.

Sølve Sondbø
seksjonssjef

Endre Korsøen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.